

## Barn og voksne saman

**B**arnet ditt er no blitt ein del av eit nytt fellesskap på stor avdeling. Å ha venner vert stadig meir viktig. Mange barn er ofte klare for å gå på besøk til andre utan deg som følge. Dette er små, men viktige og verdifulle hendingar i barnet sitt liv. Kjennskap til andre foreldre kan gjere det tryggare å la barnet ditt bli med heim til andre. Forsking og erfaring syner at gode relasjonar mellom voksne verkar utviklingsstøttande på barnet. Når ein kjenner kvarandre, kan det vere lettare å samarbeide og finne gode løysingar for barna. Kanskje er det flytta nye barn og foreldre til bygda som treng å bli inkluderte? Kanskje synsast du sjølv det er kjekt ha eit sosialt fellesskap med andre foreldre? Legg difor til rette for uformelle treffpunkt for barn og voksne. Fordel ansvar for å ta initiativ. Ei samling i året kan vere nok. Alt treng ikkje å organiserast for å fungere. Det viktigaste er å vere saman.

## Vere saman

### Forslag til aktivitetar:

- Ta i bruk lokale møteplassar til dømes klatrepark, leikeplass eller trimløype.
- Ver ute og lag mat i lag.
- Leik saman med barna. Barn elsker når voksne vert med på leikar som «Slå på ringen» og «Gøyme og leite».
- Lag refleksløype i haustmørket. Ta med lommelykt og leit etter refleksane.
- Avtal å møte kvarandre i akebakken, skuleplassen eller på skøytebanen om ettermiddagen.
- Lån gymsalen om det erskule i nærleiken.
- Ver kreative og kom med forslag til felles aktivitetar.



Illustrasjon av Alvilde, 1.klasse

